

26. februar 2016 - BARNEVERNSEMINAR

BRUKERSAMARBEID FOR BARNAS SITT BESTE – FØR – NO – I FRAMTIDA

Målgruppe for seminaret er tilsette i barneverntenesta i kommunane i Møre og Romsdal. Andre som er interesserte i emnet er også velkomne.

Påmelding til innan 20. januar 2016.

Mål: auka forståing av korleis barneverntenesta gjennom brukersamarbeid, langsiktig og heilskapleg tenking kan medverke til å gi barnevernbarna ein best mogeleg barndom

Innhald:

Omsynet til kva som er til beste for barna skal vere retningsgivande for alt barnevernet sitt arbeid. Prinsippet om barnets beste er noko alle er enige om, men kva som ligg i dette for det enkelte barnet kan det vere sterk usemje om. Foreldre, fosterforeldre, tilsette i barnevernet, og andre involverte kan ha svært ulike meiningar om kva som reint faktisk er til det beste i konkrete situasjonar.

Barnevernproffane i Forandringsfabrikken bidrar til ny forståing gjennom sine fortellingar om eigne erfaringar. Dei gir gode råd til barnevernet. God hjelp handlar ofte om at barnevernet, fosterforeldre og deira eigne foreldre har klart å samarbeide om å gi dei ein god barndom.

Til dette seminaret har vi invitert representantar for foreldre og fosterforeldre til å fortelle om sine erfaringar. Dei er også velkomne til å gi oss gode råd.

Hege Sundt er tidlegare generalsekretær for Norsk Fosterheimsforening, og no tilsett i Organisasjon for barnevernforeldre. Ho vil informere om arbeidet til organisasjonen. Lars Meek Hansen vil orientere om familievernet si rolle.

Professor Tor Slettebø har forska om og arbeidd med brukarmedverknad i ei årrekke. Han vil knytte trådane til slutt.

Seniorrådgivar Eli Karin Walle har lang erfaring frå arbeid innan barnevernfeltet. I samband med at ho no sluttar vil ho oppsummere korleis barnevernfeltet har endra seg over desse 30 åra og kva rolle fylkesmannen har hatt i dette.

Program for dagen:

10.00 – 10.50 Barnevernet i Møre og Romsdal – frå 1986 til 2006 – utviklinga sett gjennom statistikk, historikk og personlege erfaringar, ved seniorrådgivar Eli Karin Walle, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

11.00 – 12.00 Samarbeid til barnets beste.

Innspel og gode råd frå barnevernforeldre og fosterforeldre.

Orientering om framtidige tiltak ved Hege Sundt, Organisasjon for barnevernforeldre og Lars Meek Hansen, Familievernkantoret i Kristiansund

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 14.00 Med mål om eit best mogeleg barnevern. Barn og foreldres medvirkning – samspel eller interessemotsetnader? Ved professor Tor Slettebø, VID Vitenskapelige høgskole